


VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 1

februar/mars

2025

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1

- HUGS SØKNADSRISTEN 15. MARS

Teljedatoen er 1. mars, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter at du har sendt inn søknaden (innan fristen 15. mars) kan du inn og endre fram til 29. mars. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn.** Ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.



Foto: Vindafjord kommune

HUSDYRREGISTERET – har du hugsa å oppdatere før du søker tilskot?

For deg som søker tilskot til storfè, er det viktig at Husdyrregisteret er oppdatert før kvar teljedato. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato. Kasting vert ikkje rekna som kalving, og dersom kalven er dødfødt, må ein ved kontroll ha

dokumentasjon, til dømes kvittering frå Biosirk.

REGIONALT MILJØTILSKOT - NYTT VIPETILSKOT I 2025

Har du vipereir på egedomen til våren, og lurar på å søkje tilskot, må du ta kontakt med kommunen innan 15. april, som er fristen for å melde interesse for å søkje. Formålet med tilskotet er at du som bonde skal vise omsyn til grupper av hekkande vipere i di drift. Dette betyr at du framleis skal kunne drive arealet som normalt, men at du skal vise omsyn til vipene som har reir på arealet. Å vise omsyn er å gi vipene tilstrekkeleg fred og ro i hekkinga. Du som bonde skal sørge for at reira ikkje blir uroa eller øydelagde av aktiviteten din. Du kan også lese meir om det nye tilskotet på heimesida til Statsforvaltaren i Rogaland.

FORNYING AV GJERDEKLYVARAR

Ta kontakt dersom du treng å fornye gjerdeklyverar på egedomen din. Du kan få støtte til dette gjennom SMIL-ordninga. Ta kontakt med oss for meir informasjon.





HUNDEPORTAR

Me har eit lager med hundeporatar som me deler ut gratis. Dei kan enkelt monterast ved sida av ein gjerdeklyvar. Ta kontakt med oss for meir informasjon.

PLASTINNSAMLING VÅREN 2025

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

AVLØYSING VED SJKDOM OG FØDSEL – AUKA DAGSATS FRÅ 2025

Maksimal dagsats for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel er auka frå 2450 til 2600 kroner pr. dag. Hugs å sende inn krav til NAV innan fristen på 3 månader, dersom du blir sjukemeld utover 16 dagar. Dagsatsen er no så høg at det kan svare seg å rekne på om det er noko å hente også etter dei 16 første dagane av sjukeperioden, sjølv om du får berekna høg sjukepengesats frå NAV.

Tabell 9.3 Foretakets maksimale dagsats

Tilskuddsgrunnlag:	Maksimal dagsats, kr.
kr. 5 000 – 12 000	862
kr. 12 001 – 18 000	1 253
kr. 18 001 – 24 000	1 677
kr. 24 001 – 30 000	2 100
kr. > 30 000	2 600

Som tabellen viser, varierer dagsatsen ut frå størrelsen på det du maksimalt kan få i tilskot til avløyning ferie- og fritid. For å kunne få maksimal dagsats på 2600 kroner, må du ha ein maksimal refusjon for avløyning ferie og fritid 30 000 kroner eller meir. Ta kontakt med Sissel Lilleland tlf. 47 78 03 92 dersom du har spørsmål til ordninga.

TA EIT TAK FOR Å FJERNE LANDØYDA I BEITEOMRÅDE

Landøyda er ei skadeleg plante for beitande dyr, spesielt storfe og hest, då dei kan få leverskade. Finn du denne planta i beiteområda dine, er det lurt å nappe den opp og få den fjerna.



Foto: Statsforvaltaren i Rogaland

DISPENSASJON FOR Å SPRØYTE I KANTSONER, ÅKERHOLMAR OG I UTMARK

Det er i utgangspunktet ulovleg å sprøyte med plantevernmiddel i kantsoner, åkerholmar og i utmark, men dersom det likevel er nødvendig, kan du søkje kommunen om dispensasjon. Kommunen har fått delegert denne oppgåva frå Mattilsynet. Ta kontakt med oss, så hjelper me deg med søknaden. NB! Dersom du må sprøyte langs vassdrag, er det framleis Mattilsynet som gir dispensasjon.

ÅRLEG GJØDSLINGSPLAN

Gjødslingsplanen skal oppdaterast kvart år, og avtalar om spreing av husdyrgjødsel må vere skriftlege. Dersom du har ekstensiv drift, kan du søkje kommunen om å få dispensasjon frå årleg gjødslingsplan.

PLANTEVERNJOURNAL

Du må føre journal over bruk av plantevernmiddel. Dersom du leiger andre til å sprøyte, må du syte for at dei du leiger noterer tidspunkt, mengd, type middel og kvar dei har sprøyt, slik at du kan føre journal.

MINIMUM 2 METER BREI KANTSONE MOT VASSDRAG

Det er svært viktig å ta vare på kantsona langs vassdrag, og den skal vere **minimum 2 meter brei (horisontal) der det er dyrka jord. Der skal det ikkje pløyast, spreiaast eller sprøytast. Dette er eit minimumskrav for å i det heile tatt få arealtilskot på dei omsøkte areala.**

REGIONALT MILJØTILSKOT OG UGJØDSLÅ KANTSONE

Dersom ein i tillegg set av ei 4 meter brei ugjødsla kantsone på dyrka areal, kan ein få ekstra tilskot. Denne kantsona skal haustast, men ikkje gjødslast eller sprøytast.



Foto: NIBIO

DIGITAL SØKNADSLØYSING FOR NYDYR KING

Frå 2025 er det innført ei digital søknadsløysing for nydyrking via Altinn. Dersom du treng hjelp med den digitale løysinga, kan du ta kontakt med kommunen. Hugs å søkje i god tid før du set i gang med tiltaket. Du må ha godkjenning av kommunen før du kan starte arbeidet.

Når kommunen har mottatt søknaden, sjekkar me opplysningane du har sendt inn. Viss det er behov for meir informasjon, ber me om dette.

Når du har fått godkjent plan for nydyrking, kan kommunen føre tilsyn med at du overheld planen.

INNOVASJON NORGE (IN) - STATUS PÅ SØKNADAR OG PRIORITERING FOR IBU ROGALAND I 2025

Per 20. januar 2025 har Rogaland fylke fått inn søknader om meir tilskot enn det IN har tilgjengeleg. IN stoppar førebels ikkje for nye søknadar, men det vil vere ein streng prioritering av midlane.

Prioriterte søknader som ikkje får tilskot frå årets IBU-pott, blir sett på vent til 2026. Prosjekt med planlagt oppstart seinhausten 2025 eller i 2026, får låg prioritering i år.

Prioriteringar i 2025

Prioriteringane for IBU-midlar for i år er i hovudsak like som prioriteringane i 2024. Det betyr at IN behandlar søknadene i forhold til desse prioriteringane:

Hovudprioriteringane for Rogaland er knytte til stor satsing på mjølk i forhold til nye krav til lausdrift gjeldande frå 2034, samt fokus på unge bønder med prioriterte prosjekt. Når det gjeld tilskotsatsar for desse sakene, er det på nivå med 2024-satsar.

Saker frå distrikt utanom Jæren får i snitt noko meir enn på Jæren, men kvar sak blir vurdert individuelt i forhold til kva som er utgangspunktet for den enkelte garden.

Mjølkeproduksjon

- Ombygging frå bås til lausdrift for fjøs med inntil 30 mjølkekyr har særleg prioritet.
- Tilskotsatsar for mjølk frå 30-45 % på same nivå som i 2024, der gjennomsnittet var på 38 % og 4 millionar kroner per prosjekt.
- I alle prosjekt vil eventuell overkapasitet i forhold til planlagt produksjon bli vurdert – kommenter korleis ledig kapasitet er planlagt brukt.

- Tilskot vil i praksis bli knytte til dei første 30 kubåsene, og kapasitet utover dette må kunden rekne med å finansiere sjølv.
- Intensjonen med eit maksbeløp på 5 millionar kroner for lausdriftsfjøs, er at dette gjeld anten det blir bygd ut trinnvis eller i eitt steg.
- Nyetableringar innan mjølkeproduksjonen blir vurdert på same måte som dei som byggjer frå bås- til lausdriftsfjøs.
- For dei som må byggje nytt lausdriftsfjøs til erstatning for eit eldre lausdriftsfjøs, som på grunn av alder eller utforming ikkje er hensiktsmessig å oppgradere, kan desse frå 2025 støttast på same måte som dei som byggjer om frå bås til lausdrift for første gong.
- Forprosjektmidlar til kartlegging av ombygging/tilrettelegging av mjølkeproduksjon blir prioritert i tråd med nasjonale retningslinjer. Avgjerande i slike saker er at søker har eit aktivt forhold til målet med prosjektet, og kva han ønskjer å oppnå.



Oppgradert driftsbygning med generasjonsskifte-midlar. Foto: Torstein Stuhaug.

Generasjonsskifte

- For generasjonsskifte blir det gjort ei heilskapleg vurdering av garden. IN kan derfor avvike frå prinsippa ovanfor, dersom det gir ein god

samfunnsøkonomisk gevinst og god måloppnåing på andre landbrukspolitiske område – til dømes utnytting av marginale beiteområde.

- Omsøkt prosjekt må vere med på å styrkje framtidig ressursutnytting og inntening for garden totalt sett.

Storfe

- Ombygging/nybygg hos eksisterande produsentar for ammeku/storfekjøtt har prioritet. Prosjekt som inneber ei vesentleg auke i produksjonen, samt nyetableringar, har ikkje prioritet utan at det kan argumenterast for ein auka utnytting av marginale beiteområde.
- Gårdens ressursgrunnlag, inkludert beiteareal, skal vere på plass ved støtte til desse prosjekta.

Gjødsel- og fôrlager

- Gjødsellager blir prioritert i tråd med siste jordbruksavtale. For husdyrgjødsel-lager er det krav om anten toppdekke eller minimum 10 månaders lagringskapasitet. For lager for biorest og annan organisk gjødsel, er det krav om toppdekke.
- Tilskot til gjødsellager må synleggjere 10 månaders kapasitet for å få tilskot, helst på eigen gard.
- I samband med tilskot til nye lausdriftsfjøs er utgangspunktet at det også her skal vere minimum 10 månaders lagerkapasitet etter ferdig prosjekt.
- Investeringar i fôrlager kan støttast i den grad bruken av landbruksplast blir redusert og/eller nødvendige tiltak for å sikre avrenning av silosaft blir gjennomførte.
- For fôrlager nyttast same tilskotsatsar og makstilskot som for gjødsellager.

Dyrevelferd

Dyrevelferdstiltak skal ha skarpt fokus, og enkelttiltak i alle dyreslag skal kunne støttast uavhengig av andre prioriteringar.

- Støtte til investeringar til SPF-gris er eit dyrevelferdstiltak. Satsane for SPF-ombygging aukar til 35 % og maks 500 000 kroner. I godkjent kostnadsgrunnlag støttast tiltak knytte til smittesluse, sikker utlastingsfasilitet, ventilasjon/filter, forsegling av golv og inventar. IN godkjenner inntil 2 millionar kroner i prosjektkostnader per prosjekt.
- Ombygging/nybygg for eksisterande sauefjøs er innanfor prioriteringane. Godt beitegrunnlag for planlagt produksjon er avgjerande for å få støtte.
- Hovudføremålet under dette punktet er at prosjekta som kan støttast, skal kunne grunnjevast i auka dyrevelferd, miljøtiltak, distriktslandbruk, unge bønder og garden sitt samla ressursgrunnlag på eitt eller fleire punkt for å få prioritet.

- Støtte til energibesparande tiltak blir gitt til prosjekt der vi avlastar eventuell høg risiko ved investering.



Foto: Bondevennen



Foto: Vindafjord kommune

Frukt/grønt/veksthus

- Produsentar som ikkje har fått tilskot tidlegare, blir prioritert framfor dei som har fått tilskot til same type tiltak tidlegare.
- Små og mellomstore produsentar har prioritet. Store veksthus har låg prioritet.
- Hovudkravet er at for omsøkt frukt- og grønnsaksproduksjon må ein leveringsavtale ligge til grunn, men for små produsentar / marknadshagar kan dette kravet avvike om ein kan sannsynleggjere alternative salskanalar.

Samarbeidsprosjekt som skjer på tvers av Haugalandet.

Kort versjon:

Vindafjord kommune med fleire (Tysvær, Haugesund, Karmøy og fleire etter kvart) er med på eit prosjekt kalla «**Matregionen Haugalandet**». Her skal ei styringsgruppe med Haugaland Vekst i spissen med folk frå bondelag næringslivet og andre, få til auka etterspørsel og produksjon av frukt og grønt lokalt på Haugalandet.

Det kjem meir informasjon frå prosjektet. Følg med i media eller på facebook sida «Landbruket i Vindafjord».



Foto: Haugesunds Avis / Bondevennen

Landbruksbaserte næringer/tilleggsnæringer

- Lokalmat og landbruksbasert reiseliv har prioritet, der ressursane på garden blir tilstrekkeleg synleggjorde.
- Inn på tunet -tiltak
- Prosjekt med størst verdiskapings- og vekstpotensial blir prioritert både i forhold til forprosjekt/ideavklaring og investeringstilskot.

Det er ingen søknadsfristar i 2025. Saker blir handsama fortløpande, men dei med lågare prioritering kan bli skyvd ut i tid og

handsama seinare på året, når IN veit kor mykje midlar som er igjen i IBU-potten.

NB!

Tiltakshavar kan nå (ifrå 2025) begynne prosjektet sitt etter innsendt søknad utan at tiltakshavar mister retten på å få søknaden vurdert. Dette inneber av eigen økonomisk risiko om ein ikkje skal få IBU-midlar. IN gir tilskot til brukte materielle ting eller utstyr som skal brukast til prosjektet, dette føreset at selgaren av utstyr/materiell ikkje har fått tilskot til dette frå før av. Det kan gis tilskot til bruk av eigen skog i prosjektet.

GARDSKART – GODKJENNING OG ENDRING AV AREAL

Arealtala i gardskartet er grunnlag for utbetaling av areal- og kulturlandskaps-tilskot. Tala blir også brukte ved behandling av jordlovsaker. Ved sal av landbrukseigedommar vil arealtala i gardskart vere ein del av grunnlaget i fastsetjing av takst.

Det er lurt å sjekke at gardskartet er rett til ei kvar tid. Sett på flybilde som bakgrunn, så er det enklare å sjå om registrert jordbruksareal er rett. Ta kontakt for å avtale synfaring med ny arealvurdering, dersom du meiner at jordbruksarealet er registrert feil i gardskart på dei eigedommane du disponerer.

Godkjenning av Innmarksbeite

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan nyttast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Arealet skal ha grasrik vegetasjon med minst 50 prosent kulturgras og beitetålande urter. Det skal vere rydda for kratt og hogstavfall, slik at arealet er godt tilgjengeleg for beitedyr. Innmarksbeite skal ha eit tydeleg kulturpreg. Alt innmarksbeiteareal skal godkjennast av kommunen og registrerast i gardskart før det gir grunnlag for arealtilskot. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 47 69 86 67 for å avtale synfaring.

SPREIEAREAL

Det er Forskrift om lagring og bruk av gjødsel m.v. som legg føringar for kor mykje spreieareal eit føretak må ha tilgjengeleg ut frå tal dyr som er på bruket.

Fulldyrka og overflatedyrka areal kan spreiest med gjødselvarer, med krav om at den nyttast der den gjer nytte for seg til plantevekst utan å påverke det biologiske mangfaldet eller vassdraga negativt. Det kan berre spreiest gjødsel på areal som blir hausta eller beita.

For å kunne spreie gjødselvarer på innmarksbeite må arealet vere godkjent som spreieareal. På innmarksbeite som er godkjent som spreieareal, kan det tilførest 2 kg P/daa/år og det skal ikkje spreiest gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag. Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengelig på www.temakart-rogaland.no/spreieareal.

Det er nytt at godkjenning frå kommunen også gjeld for spreieing av mineralgjødsel i innmarksbeite. Etter 01.01.2028 må du ha løyve frå kommunen til å spreie mineralgjødsel på innmarksbeite, på same måte som for husdyrgjødsel. Det vil seie at dersom du gjødsler eit innmarksbeite med mineralgjødsel i dag, må du søkje kommunen om godkjenning for å halde fram med gjødslinga etter 1.1.2028. Du kan søkje og få løyve til å spreie anten berre mineralgjødsel, eller både mineralgjødsel og husdyrgjødsel. Om du allereie har eit innmarksbeite som er godkjent som spreieareal i Temakart-portalen, gjeld denne godkjenninga også for mineralgjødsel.

Ved opparbeiding av innmarksbeite på utmarksareal, kan kommunen etter søknad gi ei tidsavgrensa dispensasjon til å spreie gjødselvarer på anna areal enn godkjent spreieareal, ved etablering av innmarksbeite. Ved vurderinga skal det leggjast særleg vekt på kva verknad gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ei forsvarleg måte. Etter at området er godkjent som innmarksbeite kan det søkjast om å få innmarksbeitet godkjent som spreieareal.

Innmarksbeite som spreieareal

Innmarksbeite som tidlegare er godkjent av kommunen som spreieareal og er registrert i Temakart-portalen <https://www.temakart-rogaland.no/spreieareal> gjeld framleis, så

lenge arealet vert beita og er klassifisert som innmarksbeite i AR5. Det er innteikna flate for spreieing som tel som spreieareal. På nokre allereie registrerte område er det behov for endring eller justering for å imøtekoma ny gjødselbruksforskrift. Dette gjeld i hovudsak område kan påverke det biologiske mangfaldet eller vassdraga negativt.

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsel på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen. Send inn søknadsskjema; «Søknad om godkjenning av beite som spreieareal» som du finn på kommunen si heimeside:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjodsel-og-spreieareal/>

Ta kontakt, så avtalar me ei synfaring, der me vurderer areal og beitepraksis mm, og finn ut om arealet kan godkjennast som spreieareal. Etter at kommunen har godkjent innmarksbeite som spreieareal vil du få tilsendt vedtak og kart over godkjent areal. Det godkjente spreiearealet skal takast med i berekninga av gjødselplan. Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengeleg på www.temakart-rogaland.no/spreieareal. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 47 69 86 67 for å avtale synfaring.



Foto: Vindafjord kommune

NY GJØDSELBRUKFORSKRIFT

Frå 1. februar 2025 gjeld nye regler om lagring og bruk av gjødsel. På landbruksdirektoratet si heimeside finn du rettleiing og ein ny kalkulator som reknar

ut fosformengder og kor mykje spreieareal du treng:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/nyhetsrom/nyhetsarkiv/nye-regler-for-lagring-og-bruk-av-gjodsel-trer-i-kraft>

Den nye forskrifta gjeld bruk av både husdyrgjødsel og mineralgjødning. Forskrifta har nye reglar som gjeld spreiemengd og spreietidspunkt. Krava gjeld ulikt i ulike delar av landet samstundes som det er overgangsreglar.

Dei nye spreiefristane trer i kraft 01.01.2027. Fram til da gjeld i stor grad dei same fristane som før. Nytt er at alle føretak må ha gjødseljournal frå 2026. Det er også eit krav at alle føretak som leverer frå seg eller tek imot husdyrgjødsel utover det som svarar til 75 kg fosfor, må dokumentere dette. Dette vert gjeldande når landbruksdirektoratet har klargjort systema for rapportering.

Det vil vere ei overgangsperiode fram til dei nye krava om fosformengder vil ta til å gjelde. Fram til 1. januar 2027 kan du spreie dei same mengdene som i dag, dvs. 3,5 kg P pr. dekar, men hugs at du no også må rekne med mineralgjødning. På innmarksbeite godkjent som spreieareal kan du spreie maksimalt 2 kg P/daa.

I naturlege vegetasjonssoner mot vassdrag (bekk, elv, innsjø) kan du ikkje gjødsle. På dyrka mark må sona vere minst 2 meter brei målt frå normalvasstanden og breiare om vassressurslova krev det. Om det er eit areal som er nydyrka skal sona til eit vassdrag med årvisss vassføring vere 6 meter jf. nydyrkingsforskrifta. På innmarksbeite som er godkjent som spreieareal, kan du ikkje spreie gjødning nærare enn 6 meter frå vassdrag.

Ny gjødselbruksforskrift – Statsforvaltaren vurderer spreiefrist for husdyrgjødsel

Av omsyn til vassmiljø har Statsforvaltaren i Rogaland varsla om at dei arbeidar med å få til ei lokal forskrift med frist for spreieing av husdyrgjødsel 1. september, for alle kommunane i Rogaland. Det er store mengder husdyrgjødsel tilgjengeleg i Rogaland, og god bruk og lagring av

gjødselressursane er avgjerande for å nå mål i vassforskrifta. Det er også god økonomi og agronomi i å bruke gjødsla tidleg i vekstsesongen. Fleire vassdrag enn dei på Jæren er påverka av jordbruk, og står i fare for å få forverra tilstand. Statsforvaltaren går difor i gang med å vurdere lik spreiefrist for heile fylket. Arbeidet vil følgje vanleg saksangang for fastsetting av lokal forskrift med 3 månadars høyringsfrist.

AKTIVITET I SKOGBRUKET 2024

I 2024 vart det avverka 18.782 m³ skogsvirke for sal i Vindafjord. Virket er fordelt på 13758 m³ gran, 4315 m³ furu og 709 m³ ved til brensel. Bruttoverdien av dette volumet var nær 11,2 mill.kr. Innmeldt tal juletre var 8311 stk. til ein verdi av kr. 1,475 mill. kr. Det vart planta 520 dekar (342 daa i 2023 og 269 daa i 2022) og supplert på 236 dekar (55 daa i 2023 og 144 daa i 2022). Ungskogpleie vart utført på 202 dekar (86 daa i 2023 og 237 daa i 2022). Skogeigarane har investert 1,5 mill. kr. i skogkultur og mottatt 997.000 kr i tilskot.

SKOGPLANTING 2024

Det vert stadig meir vanleg at plantearbeidet vert utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med avtalen om hogst.

Dersom du har hatt bartrehogst i **2024 eller før**, og ikkje har gjort avtale om planting, må du vere snar til å bestille. Ta kontakt med entreprenør eller kommunen så snart som råd. Ta gjerne kontakt med kommunen om val av proveniens. Vi har og noko planteutstyr til utlån, dersom du tenkjer å plante sjølv.

Hugs at hogstflaten må vere sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.

UNGSKOOGLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerende vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under lauvkratt eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og**

tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga. Det er derfor svært viktig å følgje opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungskogpleie i kommunen, men aktiviteten er på veg opp.

PROSJEKT SKOGKULTUR 2022-2026

Vindafjord kommune har saman med Tysvær og Haugesund kommunar fått tilskot frå Statsforvaltaren til eit prosjekt med fokus på ungskogpleie og planting. Gjennom prosjektet skal skogeigarar få eit gratis tilbod om nøytral rettleiing med mål om å auke aktiviteten innan skogkultur. Prosjektet starta 1.april 2022 og varer ut 2026.

Prosjektleiing er Per Helle, 99417633, perh@skogkurs.no. Han er Skogkursinstruktør og busett på Haugalandet. Ta gjerne kontakt!



Foto: Vindafjord kommune

TILSKOT TIL SKOGKULTUR

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/sk ogbruk>

FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR

Hugs å melde frå til kommunen når traktorvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd. For skogsbilvegar må kommunen få melding før slitelaget skal på.

FELLINGSRESULTAT – jakta 2024:

Kommunen har som mål å redusere hjortebestanden. Kommunen reduserte minstearealet for hjort i 2019 til 500 dekar. Kommunen vektlegg overvekt av hodyr i uttaket og høgt uttak av kalv.

Hausten 2024 vart det felt **1041** hjort av 1244 tildelte løyve (83,7%) i Vindafjord. Hausten 2023 vart det felt **1127** hjort av 1233 tildelte løyve (91,4%). Vidare: **1126** felte av 1200 løyve i 2022 (93,8%) og **1052** felte av 1176 løyve i 2021 (89,5%). Kommunen har vore med på prøveordninga med kvotefri jakt på kalv i både 2022, 2023 og 2024. Kalvedelen i det samla uttaket auka då frå 30% i 2021 til ca.35% i 2022-2024. Dette er i samsvar med forvaltningsmåla for kommunen og Haugalandet. Hodyrdelen ligg jamt på ca. 53%.

Ut frå resultatata over kan det sjå ut til at ein kan ha lukkast i å stanse veksten i bestanden og er på rett veg i forhold til målet om redusert bestand i kommunen.

Rådyr: Det vart felt 132 rådyr i 2024, mot 117 rådyr i 2023, 138 i 2022, 105 i 2021 og 125 i 2020. Det meste som er felt av rådyr i Vindafjord er 187 dyr i 2009.



Foto: Norges jeger og fiskerforbund

SØKNADSFRISTAR jakta 2025 :

Søknad om endring av vald, fråvik frå minstearealet, godkjenning av nye vald og bestandsplanområde, godkjenning av bestandsplanar: **1. mai**

VÅRTELJING 2025

Vårteljing av hjort på innmark har vore gjennomført sidan 1999. Det vert tald hjort langs faste ruter som er like frå år til år, på 6 bestemte datoar og til bestemt tid på døgeret. Vårteljinga gir eit bilete på den relative bestandsstorleiken om våren og

kan seie noko om bestandsutviklinga over tid. Teljedatoane for 2025 blir annonsert i Grannar. Kommunen takkar alle som bidrar med tida si til dette!

Resultat frå varteljinga 2010-2023 er tilgjengeleg her:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltforvaltning/hjortevilt/vartelling/>

REVEJAKT 2024

Frå lokallaga av Sau og Geit har kommunen fått melding om til saman 122 felte revar i 2024. Åra før vart det felt 116 revar i 2023, 131 revar i 2022, 127 i 2021 og 2020, 123 i 2019, 107 i 2018, 102 i 2017 og 63 i 2016. Jakttida for rev er 15.07.- 15.04.

SKADEFELLING AV RAUDREV

Tidlegare år har kommunen mottatt søknadar om skadefelling av raudrev utanom ordinær jakttid. Med viltforskrifta av 2020 krev skadefelling av raudrev ikkje lenger løyve frå kommunen.

Det er skadelidte sjølv som kan ta den avgjerda (jf. § 3-4).

Felling kan likevel berre utførast om vilkåra i § 3-3 er oppfylt:

a. Skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning

b. Skadeforebyggende tiltak er i rimelig utstrekning forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak.

c. Uttaket rettes mot skadegjørende individ.

d. Uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen.

e. Uttaket ikke truer bestandens overlevelse.

Merk at alt vilt felt etter § 3-4 skal **rapporterast til kommunen av den skadelidte** så snart som råd, med opplysning om tal individ, art og kva skade som var grunnlag for uttaket.

Reglane over (§ 3-3 og § 3-4) gjeld og for skadefelling av m.a. kanadagås.

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL ER PÅ HØYRING

Sjå <https://www.vindafjord.kommune.no>

Kunngjeringar og høyringar

Frist for uttale: 22. april 2025

KOMMUNEDELPLAN FOR NATURMANGFALD

Vindafjord kommune er i gong med å utforme ein kommunedelplan for naturmangfald for å betre kunne ta vare på naturen vår for framtida. Planen skal prøve å svare på følgjande spørsmål:

- Kva naturverdiar har me i kommunen (som me veit om)?
- Kor finst dei?
- Kva kan me gjere for å ta vare på desse naturverdiane?
- Og kor har me kunnskapsmangel?

Ein stor del av forarbeidet til utforming av ein slik plan er å oppdatere kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar i kommunen. I det arbeidet ynskjer me å få innspel frå lokale rundt om i kommunen, og det er trass alt få som kjenner naturen betre enn bøndene som er ute i kommunens krikar og kroker kvar einaste dag! For å gjere det lettare å kome med innspel så har me laga ei [digital innspelsløysing](#) som vil bli lagt ut på heimesidene til kommunen der ein kan legge inn observasjonar som angår naturmiljøet vårt. Her kan ein beskrive det ein har observert, teikne det inn i kart og legge ved eventuelle bilete.

Dette kan til dømes vere artsrike skogholt, hekkeplassar for fugl, lokasjonar/observasjonar av trua artar, lokasjonar /observasjonar av svartelista artar, viktige område for vilt/fugl, m.m. All informasjon vert handsama konfidensielt, og vil vere til stor hjelp i oppdatering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i kommunen. Veit du om nokre naturverdiar i ditt nærområde? Send inn, og spreie ordet!

Me kjem og til å ha medverknadsmøte utover våren med aktuelle interesseorganisasjonar og lokale ressurspersonar med kjennskap til naturverdiar.

Veit du om nokon som burde ha vore med på eit slikt møte? Ta kontakt med Anne Sofie Sandvik på e-post: anne.sofie.sandvik@vindafjord.kommune.no.

GJØDSELUTSLEPP OG SILOSAFT

Det har diverre vore mange tilfelle med avrenning og utslepp av gjødsel og silosaft til vassdrag i kommunen i løpet av det siste året. Dette er svært uheldig, då fleire av vassførekomstane våre allereie er sterkt påverka av landbruksavrenning, avløp, samferdsel og industri. Kommunen ser at mange av tilfella er knytt til uvørden handtering av gjødsel i samband med pumping og spreining, samt at det er ein del eldre anlegg der det kan oppstå lekkasjar. Kommunen vil minne om at gjødsel brukt jamfør gjødselplanen er ein ressurs, men at gjødsel på avvege er definert som forureining og er svært skadeleg for vassførekomstane våre.

Gjødselbrukforskrifta spesifiserer at anlegg for husdyrhald samt lagring av husdyrgjødsel skal plasserast slik at det ikkje kan medføre fare for avrenning/forureining, og at dei skal vere tette. Forskrifta spesifiserer og at silosaft skal samlast opp og lagrast slik at det ikkje fører til forureining. Det er grunneigar sjølv som er ansvarleg for at dette blir følgt opp, og at det blir gjort naudsynt vedlikehald av anlegg for å forhindre uønskte utslepp av husdyrgjødsel eller silosaft. Kommunen ser diverre at det er mange gamle og slitne anlegg for gjødsellagring i kommunen, og vil difor oppmode alle grunneigarar til å ta ein ekstra kikk over gjødsellager og gjere naudsynt vedlikehald, til dømes av gjødselportar, for å forhindre lekkasje/utslepp. Viss dette ikkje blir følgt opp, kan det vere eit brot på forureiningslova, som spesifiserer at ein har plikt til å unngå forureining, og at ingen må gjere noko som kan medføre fare for forureining.

Uhell kan likevel oppstå, og ved tilfelle av akutt forureining er det viktig at ein lokaliserer utsleppskjelda og får stansa utsleppet/forureininga så fort som råd. I tillegg må ein avgrense dei negative konsekvensane av det som allereie har lekt ut. Ved forureiningshendingar er ein

plikta til å varsle forureiningsmynde (kommune, eventuelt brannvesen ved akutte hendingar). Grunneigar/ansvarleg forureinar er ansvarleg for å forhindre, stoppe, avgrense og varsle om eventuell forureining jf. forureiningslova, men kommunen/brannvesen kan gi bistand ved behov.

Ved forureiningshendingar der det er klare brot på regelverk (gjødselbrukforskrifta og forureiningslova) kan kommunen vurdere trekk i produksjonstilskotet, jf. § 4 i produksjonsforskrifta.

HUGS SØKNADSRIST SMIL 1. MARS

Vindafjord kommune fekk i januar tildelt 900 000,- i SMIL-midlar frå Statsforvaltaren, som har eit mål om at minst 35% av desse skal nyttast til tiltak mot ureining og avrenning til vassdrag (til dømes reinseparkar, planting av kantvegetasjon, m.m.) og at minst 30% skal nyttast til tiltak for ivaretaking av biologisk mangfald (til dømes rydding/opparbeiding av kystlynghei og slåttemark, soner for pollinerande insekt, bevaring av hole eiker, m.m.). Vindafjord kommune har eit ønske om å oppnå desse måla, og oppmodar til å søke om SMIL-midlar innanfor desse kategoriane.



Foto: Statsforvaltaren i Rogaland

Statsforvaltaren har i tillegg lansert prosjektet «SMIL til lokk på skiten 2025», der dei oppmodar bønder til å investere i permanent dekke/tak over utvendig gjødsellager som har vært i bruk i minst 5 år. Prosjektet inngår i Rogaland si satsing på å redusere utslepp av klimagassar frå landbruket. Søkjar bør ha minst 10 månadar med lagringskapasitet på sine gjødsellager. Det går an å søke om SMIL-tilskot til dette.

Den lokale SMIL-strategien finn de på heimesidene våre, saman med meir informasjon om SMIL-ordninga: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/smil-midlar/>. Ved spørsmål angående SMIL-ordninga er det berre å ta kontakt på e-post; morten.rorheim@vindafjord.kommune.no, eller telefon; 90 88 42 57. Vindafjord kommune oppmodar alle som eig eller leiger landbrukseigedom med jordbruksproduksjon til å sende inn søknad om støtte til SMIL-tiltak innan 1. mars!

DRENERING

Anten du eig, leiger, eller leiger ut jordbruksareal som tidlegare har blitt grøfta, så kan du søke om tilskot til drenering. Ein kan og få tilskot til drenering av planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta. Vindafjord kommune fekk i januar tildelt 800 000,- i dreneringsmidlar frå Statsforvaltaren, og kommunen oppmodar jordbruksføretak om å søke om tilskot til drenering fortløpande. Ein kan få opptil 4000 kr i tilskot per dekar med systematisk grøfting, og opptil 61 kr i tilskot per løpemeter med usystematisk grøfting (inkludert avskjeringsgrøfter). Merk at det ikkje vil bli innvilga tilskot til allereie utført dreneringsarbeid, og at tilskot må vere innvilga før gravearbeid for å få utbetalt tilskot. Meir informasjon om tilskot til drenering finn ein på heimesidene våre: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/tilskot-til-drenering/>.


Ved spørsmål angående dreneringstilskot er det berre å ta kontakt på e-post; morten.rorheim@vindafjord.kommune.no, eller telefon; 90 88 42 57.

FUGLEVENLEG SLÅTT

Vindafjord har fleire bakkehekkande fuglar knytt til jordbrukslandskapet, blant anna vipe, storspove og ei og anna åkerrikse. Fleire av desse artane er trua, blant anna grunna intensivering av landbruksdrifta. Men, ein kan gjere tiltak for å ta vare på bakkehekkande fugl i jordbrukslandskap. For vipa finst det eigne tilskotsordningar i RMP-ordninga, medan ein ved observasjon av åkerrikse kan få kompensasjon for å sette av areal til

åkerriksevenleg hausting. Ta kontakt med kommunen ved spørsmål vedrørende tilskotsordningane. Andre generelle tiltak kan til dømes vere å merke eventuelle reir med pinnar og unngå å slå/gjødsla akkurat rundt reira. I tillegg har ein det som ein kallar omsynsfull eller fuglevenleg slått (sjå figur). Det går ut på at ein utfører slåtten slik at fuglar og fugleungar har moglegheit til å kome seg unna slåmaskina ved eigen hjelp. Vanleg slått, der ein startar ute ved kanten og slår inn mot midten, kan føre til at fugleungane rømmer inn mot midten og til slutt blir tatt med i slåmaskina. Ved å tilpasse slåttemønsteret, slik at ein anten slår graset frå den eine sida til den andre, eller at ein startar slåtten frå midten av jordet og beveger seg utover mot kantane, kan fugleungane få moglegheit til å rømme utover og vekk frå slåttemaskinen (sjå figur). Best effekt får ein viss ein i tillegg slår med redusert hastigheit. Ta kontakt med kommunen ved spørsmål!

Nedanfor ein illustrasjon som viser Fuglevenleg slåttemønster.



Diverse kurs:

KURSTILBOD FRÅ SKOGKURS

I tillegg til praktiske kurs tilbyr Skogkurs (tidl. Skogbrukets kursinstitutt) også ei rad kurs som kan takast heimafrå på nett. Eksempel på tema: **Norsk PEFC Skogstandard**, Forvaltning av kantsoner mot myr, vatn og vassdrag og Byggherre på skogsvegprosjekt. Kursavgifta for skogrelaterte kurs kan dekkast med skogfond med skattefordel.



Påmelding

Meld deg på ved å klikke på lenka under. Frist for påmelding er 2. mars og påmeldinga er bindande. Konferansen kostar ordinært 1200 kroner per deltakar, og for bønder kostar det 600 kroner. [Landbrukskonferansen 2025 | Statsforvalteren i Rogaland](#)

Webinar - Tenk nytt om lausdriftsfjøs

webinar om tema med særs interessante innleiarar

Tid: 12. mars klokka 10.00-12.00 - Gratis deltaking.

Påmelding: Send e-post til anders.boen.gravdal@statsforvalteren.no innan 10. mars.

Dagen før webinarret får du ein invitasjon via Teams.

Arrangør: Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland

Sjå meir informasjon på Statsforvaltaren si heimeside:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Landbruk-og-mat/Husdyr/webinar---tenk-nytt-om-lausdriftsfjos/>

Aktuelle facebook-sider:

Landbruket i Vindafjord - Landbruksavdelinga har oppretta ei facebook-side der det blir posta med nyheiter, arrangement, søknadsfristar, oppdateringar og gladsaker. Oppmodar alle som er interessert i landbruk til å fylje denne.

Vindafjord kommune - Diverse informasjon frå Vindafjord kommune


NIBIO Gårdskart og Kilden - For dei som ynskjer tips om funksjonalitet og innhald, og ønsker å følge med på kva som er nytt i Gårdskart.

Statsforvaltaren og bonden i Rogaland – Informasjon retta mot bøndene i Rogaland om tilskotsordningar, bruk av areal, næringsutvikling og anna nyttig informasjon.


Verdiskaping i landbruket og landbruksbasert verksemd i Rogaland

Her kjem eit lite utdrag frå NIBIO sine oppdaterte berekningar med utgangspunkt i tal frå 2022.


Meir å lese om denne rapporten finn du [på denne linken](#) eller på heimesida til Statsforvaltaren i Rogaland.




Vindafjord sin andel i verdiskapinga.



Vindafjord er blant dei beste i Rogaland når det gjeld areal i drift.




Vindafjordbonden er i toppen på mjølkeproduksjon.




Figur 3.10 Kart: Verdiskaping frå mjølkeproduksjon, 2022, bruttoprodukt, mill. kr

Grafen nedanfor viser ein liten nedgang i verdiskaping på mjølkeproduksjon i Vindafjord frå 2017 – 2022. Men me er fortsatt femte største på mjølk i Rogaland.




Svinehald – her er me blant dei største.




Figur 3.12 Kart: Verdiskaping frå svinehald, 2022, bruttoprodukt, mill. kr

Svineproduksjon i Vindafjord på ein fjerdeplass i Rogaland.




På sauehald ligg me også godt an i Vindafjord.




Figur 3.16 Kart: Verdiskaping frå sauehald, 2022, bruttoprodukt, mill. kr

Verdiskaping frå sauehaldet har auka frå 2017 – 2022. Her er me på 5 plass i Rogaland.




Stor aktivitet i skogbruket i Vindafjord




Figur 4.8 Kart over bruttoprodukt/verdiskaping etter kommune i Rogaland 2022.

I skogbruket ligg me heilt i toppen når det gjeld verdiskaping.



Figur 4.7 Bruttoprodukt/verdiskaping i skogbruket etter kommunar i Rogaland 2022. Sortert etter avtakande bruttoprodukt. 1000 kr.

Nedanfor viser fordeling av marknadsinntekter (grøn) og tilskot (lys grøn) for 2022
 Mørk grøn linje viser gjennomsnittet i Rogaland.



Figur 3.6 Prosentvis fordeling av marknadsinntekter og tilskot for jordbruket¹², kommunar i Rogaland, 2022








Beitedyr på innmark og utmark – fører du beitelogg?

For å halde oversikt over dyr og tal veker dyra har gått på inn- og utmarksbeite, er ofte beitelogg nødvendig. Dette for å halde oversikt når ein skal søkje tilskot til dyr på inn- og utmarksbeite. Her er eit forslag til beitelogg:

Beitelogg til foretak:..... for sesongen 20/.....

Dyreslag (Melkeku, kjøttfe, sau, geit, annet)	Aldersgruppe Ungdyr- voksne dyr (U / V)	Antall dyr	Skiftenummer	Innmarksbeite		Utmarksbeite		Mengde tilleggsføring, andre kommentarer
				Fra, dato	Til dato	Fra, dato	Til, dato	

Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovudoppgåver	
	<p>Thomas Vestbø Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no</p>	<p>Einingsleiar</p>
	<p>Morten Rørheim Tlf. 90 88 42 57 e-post: morten.rorheim@vindafjord.kommune.no</p>	<p>Innovasjon Norge</p>
	<p>Gaute Widerøe Hennig Tlf. 47 78 10 84 e-post: gaute.hennig@vindafjord.kommune.no</p>	<p>SMIL/drenering/miljø</p>
	<p>Sissel Lilleland Tlf. 47 78 03 92 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no</p>	<p>Produksjonstilskot</p>
	<p>Alf Ole Bull-Tornø Tlf. 47 69 78 68 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no</p>	<p>Konsesjon/deling/nydyrking</p>
	<p>Anne Karin Langeland Tlf. 47 69 86 67 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no</p>	<p>Oppdatering av gardskart</p>
	<p>Gitte P. Halvorsen Tlf. 47 69 89 66 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no</p>	<p>Skog og viltforvaltning</p>

Utgjevar: Landbrukskontoret
Redaktør: Sissel Lilleland
Kommunen si heimeside:
www.vindafjord.kommune.no
Tlf. 53 65 65 65



VINDAFJORD KOMMUNE
Eining Areal- og forvaltning
Østbøvegen 2

5585 SANDEID